



Nynorsk kultursentrum

Protokoll frå styremøte

Torsdag 25. februar 2021 kl. 10.00–12.00 i den digitale kanalen Teams

Til stades: Lodve Solholm, Amela Koluder, Hilde Løkensgard Bjørnsvik, Sæbjørn Forberg, Siri Beate Gjerde, Janne Nygård og Lars Kvestad. Frå administrasjonen møtte administrasjonssjef Gaute Øvereng (sak 2/21) og direktør Per Magnus Finnanger Sandsmark.

1/21 Innkalling og saksliste

Vedtak

Innkallinga og sakslista er godkjende.

2/21 Årsmelding, rekneskap og revisjonsmelding

Vedtak

1. Styret vedtek årsmeldinga, godkjenner rekneskapen og tek revisjonsmeldinga til vitende.
2. Utover den delen av overskotet er disponert til reiser og ny profil vert det sett av 310 000 kr til avtale med Ottar Grepstad, 250 000 kr til Vinjesenteret og 250 000 kr til vedlikehaldsfondet. Resten går til styrking av den frie eigenkapitalen.

3/21 Årets nynorskbrukar

Vedtak

Årets nynorskbrukar 2021 er *Bergen kommune* for å opprette fast nynorskklasse på ein sentrumsskule i Bergen, uavhengig av søkartal, frå skuleåret 2021–2022.

4/21 Samlingsstrategi

Vedtak

1. Styret er positive til at Nynorsk kultursentrum kan ta rolla som koordinerande institusjon for samling og forvaltning av nynorsk kulturhistorie.
2. Styret bed administrasjonen supplere samlingsplanen med ein samlingsstrategi. Eit utkast skal leggjast fram for styret i løpet av 2022.
3. Styret bed administrasjonen setje av tilstrekkelege midlar i budsjett 2022 til dette arbeidet.

5/21 Avtalar

Vedtak

Nynorsk kultursentrum vedtek avtalane om driftsstøtte og festivalstøtte med Ulvik herad og Vinje kommune, slik dei ligg føre etter forhandlingar. Styreleiar har høve til å godkjenne eventuelle endringar etter kommunestyrebehandling i kommunane.

6/21 Tildelingsbrev frå Kulturdepartementet

Vedtak

Styret tek tildelingsbrevet til vitende og bed administrasjonen inkludere styret i arbeidet med krafttak for mangfald, publikumsutvikling, klima- og miljøtiltak og å utvikle samfunnsrolla til institusjonen.

7/21 Vedlikehaldsplan Aasentunet

Vedtak

1. Styret godkjenner vedlikehaldsplanen og bed direktør innarbeide planen i budsjettarbeidet, og den økonomiske politikken for stiftinga
2. Styret godkjenner bruk av inntil 300 000 kr av vedlikehaldsfondet i 2021 for å få gjort nødvendige vedlikeholdstiltak etter planen
3. Femårig plan blir revidert kvart år i samband med budsjettet frå og med budsjett for 2022

8/21 Orienteringssaker

Vedtak

Styret tek sakene til orientering.

Protokollen er signert digitalt i Visma Sign

Ørsta, 25. februar 2021

Lodve Solholm
styreleiar

Amela Koluder
nestleiar

Hilde Løkensgard Bjørnsvik

Sæbjørn Forberg

Siri Beate Gjerde

Lars Kvestad

Janne Nygård

Per Magnus Finnanger Sandsmark
direktør

SIGNATURES**ALLEKIRJOITUKSET****UNDERSKRIFTER****SIGNATURER****UNDERSKRIFTER**

This documents contains 3 pages before this page

Dokumentet inneholder 3 sider før denne siden

Tämä asiakirja sisältää 3 sivua ennen tätä sivua

Dette dokument indeholder 3 sider før denne side

Detta dokument innehåller 3 sidor före denna sida

authority to sign

representative

custodial

asemavaltuus

nimenkirjoitusoikeus

huoltaja/edunvalvoja

ställningsfullmakt

firmateckningsrätt

förvaltare

autoritet til å signere

representant

foresatte/verge

myndighed til at underskrive

repræsentant

frihedsberøvende

SIGNATURES**ALLEKIRJOITUKSET****UNDERSKRIFTER****SIGNATURER****UNDERSKRIFTER**

This documents contains 4 pages before this page
Dokumentet inneholder 4 sider før denne siden

Tämä asiakirja sisältää 4 sivua ennen tätä sivua
Dette dokument indeholder 4 sider før denne side

Detta dokument innehåller 4 sidor före denna sida

authority to sign
representative
custodial

asemavaltuus
nimenkirjoitusoikeus
huoltaja/edunvalvoja

ställningsfullmakt
firmateckningsrätt
förvaltare

autoritet til å signere
representant
foesatte/verge

myndighed til at underskrive
repræsentant
frihedsberøvende